

*Hans Seland:*

# Helg

*24 salmar*

*Chelmsford 1919 ; : Agdens prentereri*

HEL G

24 SÅLMAR

VED

HANS SELAND



FLEKKEFJORD 1919  
AGDERS PRENTEVERK

J O L.

Kime no klokkor, aa lenge fyrr dag maa de kima!  
Glime no stjernor som augo aat englar mun glima!  
Fred kom til jord,  
himmeriks fred med Guds ord.  
Æra er Guds i det høge.

Joli hev kome med solhov til hjarto i vaade.  
Barnet dei sveiper med englane syng um Guds naade.  
Gud er oss god,  
sender so frygdefullt bod.  
Æra er Guds i det høge.

Lovsyng hans kjærleik, og leike og klappe i hender,  
mannsbørni alle, paa hav og i byar og grender!  
Fødd er inatt  
Jesus, Guds hugnad og skatt.  
Æra er Guds i det høge.

Etter Grundtvig.

### ÆIT LITE BARN FRAA HIMMELVANG.

Eit lite barn fraa himmelvang  
her ned til oss hev kome.  
No smiler søtt paa moderfang  
Guds eigen fagrast blome.  
Fraa høge himmel hev han med  
til arme jord Guds gode fred  
og frelsa or all vaade.  
So takke alle tungor daa  
vaar Gud som fann so god ei raad,  
for all hans unders naade.

*Frå Grundtvig*

### FADER, STYR DU MINE TANKAR.

Fader, styr du mine tankar,  
aa, men fyrst og sist meg lær:  
kvar eg en i verdi vankar,  
barnet ditt eg alltid er.  
Lat meg leva deg til æra,  
og til gagn for mann og møy;  
viljug her mi tenest gjera,  
so i Jesunamnet døy!

### KATEKISMEVERS.

Elsk din Gud med age stor;  
misbruk ei hans namn og ord!  
Helga kviledagen kvit,  
heidra far og mor med flit!  
Draap du fly, og hor og rov,  
lygn og list og hækna grov!  
Lyd vaar Herres bod og lov!

Trur eg paa Gud Fader sterk  
Jord og himmel er hans verk.  
Og paa sonen, Jesus Krist,  
sann profet og herre visst.  
Paa den heilag aand, vaar los,  
aand av aand og ljøs av ljøs,  
liv av liv or æve os.

Himmelfar, me bed deg blidt:  
helga verte namnet ditt!  
Kome riket ditt med fred!  
verdi vidt din vilje skje!  
Gjev oss brød, forlat vaar synd!  
Før oss ei i freisting inn!  
Fri fraa vondt av naaden din!

NO BED ME DEG. —

No bed me deg, Guds heilag aand  
fram um alt um trui heil og sann!  
Bed' at ho maa vara  
til mot natt det lider,  
naar me heim skal fara  
fraa vaar strid um sider!  
Kyrie eleison.

Du Guddoms ljøs, send logen din;  
lys og leid til Jesus Krist oss inn,  
so med trutt med tryggja  
maa med honom standa,  
paa hans grunnvoll byggja,  
i hans naade anda!  
Kyrie eleison.

Du milde aand, gjer hugen varm!  
Kveik oss kjærleiks eld i bryst og barm,  
so me maa paa ferdi  
semjast med vor neste  
vera ljøs i verdi  
unna kvar det beste.  
Kyrie eleison.

Staa med oss i vaar siste strid!  
Kom med trøyst naar det mot enden lid!  
Naar kvar synd me gjorde  
ris lik svarte skuggar,  
rett oss naadeordet,  
det som sjæli huggar!  
Kyrie eleison. Etter Luther.

KVELDSONG.

For dagen som gjekk  
hav takk, herre Gud, for miskunn eg fekk.  
Du heve meg varna og vara til no  
og signa mitt arbeid og vore meg god.  
So fredsælt hev timane fare sin veg;  
ja, takk vere deg!

No kjem eg og bed:  
Mi syndeskuld, fader, den leggje du ned.  
Du kjenner mitt hjarta til innarste grunn;  
du høyrde kvart ord som kom ut or min munn.  
Aa, gløym det som vondt var, ja gløym og gjev til!  
Eg veit at du vil!

Din lovnad du held.  
Eg stengjer mi dør, og eg sløkkjer min eld  
og sokjer mi lega, og breider meg ned;  
Gud late meg tryggjeleg sova i fred!  
Tak meg og dei mine i varveitsla di  
med natti ho lid!

Etter Samuel Olsen Bruun.

#### BRUDLAUPSSONG.

Det er so fagert i fylgje gaa  
for tvo som gjerne vil saman vera.  
Kvar frygd og fagnad er tvifeld daa,  
men sorgi mindre en halv aa bera.  
Ja det er gaman :: aa ferdast saman ::  
naar fjørehamen :: er ungan elsk ::

Det er so godslegt, der mann og viv  
um heimehugnaden fint kan freda  
og veit aa semjast forutan kiv,  
kvarandre tener med hjartans gleda.  
Ja det er gaman :: aa halda saman ::  
naar ja og amen :: er hjartans elsk ::

Det er velsigna aa lita paa:  
me hev ein far yver alle feder.  
Han syter for oss fraa me er smaa;  
hans miskunn varer i tusund leder.  
Ja det er gaman :: at alle saman ::  
er ja og amen :: hans guddoms ord ::

Kvart ektepar som paa kjærleiks grunn  
i Jesu namn gjeng til brudebordet,  
um motgang moter, og mangt gjeng sund  
dei en skal sanna det gamle ordet,  
at det er gaman :: at sitja saman ::  
der aare flamen :: er trufast elsk ::

Det er so tungsamant aa skilja lag  
for dei som gjerne i hop vil vera.  
Men Gud skje lov, paa vaar herres dag  
hans vener samlast til evig æra.  
Og daa vert gaman :: aa koma saman ::  
der ja og amen :: er kjærleik a l t ::

Etter Grundtvig.

HER VIL KVIDAST, HER VIL BIAST.

Her vil kvidast, her vil biast,  
her vil biast, du veike sjæl!  
Visst, naar du ventar, veit eg du hentar  
veit eg du hentar ein sumar sæl.  
Her vil kvidast, o. s. b.

Tunge tider seindrøgt skrider,  
seindrøgt skrider, det hev den vis.  
Dagane lengjest, vinteren strengjest  
vinteren strengjest med frost og is.  
Tunge tider o. s. b.

Turtelduva, sjaa i tuva,  
sjaa i tuva, der soli brær,  
grønkar alt groren, vissar at vaaren,  
vissar at vaaren i vente er.  
Turtelduva, o. s. b.

Heil deg sote fyrste mote,  
fyrste mote med vaaren bjart!  
No kan det bura, storma og dura,  
storma og dura, det gjev seg snart.  
Heil deg sote o. s. b.

No kan snoen kvita bøen  
kvita bøen og loyna alt.  
Groren vil livast. Kulden vil drivast,  
kulden vil drivast med kaldt mot kaldt.  
No kan snoen o. s. b.

Duva, staa deg! Lat dei sjaa deg,  
lat dei sjaa deg med oljeblad!  
Snart er ho runni heilage stundi,  
heilage stundi som gjer deg glad.  
Duva staa deg! o. s. b.

Etter Brorson.

#### SALME TIL 17. MAI.

Dette er dagen som du vilde landet vaart gjeva,  
du som eig riket og magti og æra i æva.

Hjarta ditt brann,  
daa du oss dauddømde fann.

Lovde du: landet skal leva!

Fatigt og faament var folket og tidene vonde.  
Svolt stod for døri og grein imot bymann og bonde.

Storverdi kald  
gav oss i fiendevald.  
Berga os *du* berre kunde!

Du kveikte fridomens hugbrand i federne gilde.  
Sjolvstendet tok dei, og vaagnaden standa dei vilde.  
Du stod attaatt,  
styrde i stormen vaar baat.  
Retten du vann oss med milde.

Du som so underfullt frelste daa verst det mun leita,  
du som so trufast til dessar oss vern vilde veita:  
hald i di hand  
framleis vaart folk og vaart land!  
Gjev at me *ditt* folk maa heita!

Dagen den dyre me helgar med hogtid og gleda.  
Kom lat os frygda oss, kom lat os lovsongar kveda!  
Arven vaar frid  
auka med onn og med id!  
Heimlandet hegna og freda!

#### SORGI OG GLEDA GJENG SIDA UM SIDA.

Sorgi og gleda gjeng sida um sida,  
lukka og ulukka liver i lag.  
Medgang og motgang i sellskap mun skrida  
solskin og sky er i skiftande jag.  
Ein dag gjev gull; hin kanskje skuld.  
Himmelen einast av sæla er full.

Alle ting hev ein umskifteleg lagnad.  
Kvar-ein kann bera ein brodd i sin barm.  
Tidt under silke og fjaagaste fagnad  
sit det ein svidande saarbrand og harm.  
Kvar heve sitt, linnt eller stridt;  
himmelen einast er sorgene kvitt.

Velmagt og visdom og vyrdnad og æra,  
styrke og stormod i ungdomens aar  
høgt yver hopen vil hovudet bera;  
brotnar umsider og bleiknar paa baar.  
Alle ting maa enden sin faa.  
Sæla i himmelen einast skal staa.

Kvassaste klunger og raudaste rosa,  
grannar dei sit paa den sjølvsame grein.  
Under ei plomekinn hjarta kan frjosa;



lagnaden leikar so mange til mein!  
Ufred og strid sporst det kvar tid.  
Himmelen einast eig fredsæla blid.

Lite det lønt er aa lata seg tyngja,  
um ikkje alt etter ynskje vil gaa.  
Betre aa lyfta sitt hovud og syngja;  
hugheil i trui og voni aa staa.  
Ein gong det snur. Sol fylgjer skur.  
Æveleg gleda i himmelen bur.

Angest skal avla ei varande gleda;  
kviða skal vinda sin taatt ifraa tein.  
Armod skal prydast med gildaste klæde.  
Vanmagt skal reisast paa helsuge bein.  
Ovund skål staa kverrsett i kraa.  
Himmelens Gud veit med dette ei raad.

Lat daa min lut og mi lukka seg høva  
soleis som Gud tykkjer tener meg best.  
Han er mi tillit som ingen fær rova;  
han held eg fast ved um verdi ho brest.  
Du herre Krist, hjelp meg so visst!  
Unn meg ein heim i din himmel til sist!

Etter Kingo.

#### SO LENGE MUNNEN MÆLA KAN.

So lenge munnen mæla kan,  
det høver at kvar kristen mann  
til Gud sin hjartans lovsong ber  
for alt av godt som han oss ter;  
for heim og helsa, trivn og trygd,  
for livsens bjørg i by og bygd.

Velsign oss, Gud, med fader-hand!  
Velsign vaart folk og fedraland!  
Skal naud og vanraad koma paa,  
til deg, til deg me daa vil sjaa!  
Miskunn oss alle naadeleg  
og for oss frelste heim til deg!

#### NAAR ME I VERSTE VANDEN STEND.

Naar me i verste vanden stend,  
og ingen veg og ingi vend,  
nei ingi, ingi bergings raad  
i heile verdi me kan sjaa —

daa stig det minne i vaar sjæl  
fraa barndomstidi ljøs og sæl:

Me gjekk til far naar rett det galdt,  
han visste raad og hjelp for alt.

Den far som aldri oppraadd stend,  
me veit det vel, han liver enn.  
Men me hev synda paa vaar ferd,  
kor kan me daa tro honom nær?

So smaae smyg me inn til deg,  
aa Gud, du maa miskunneleg  
oss unna no av naaden din  
ein glytt av von, eit lite skin!

Du sjolv hev sagt so visst ifraa,  
at bed me deg, so skal me faa.  
Me grip i ord og lovnad fat:  
aa, lys oss ut or naud og natt!

Forlat vaar synd, staa med oss, du,  
og styr vaar fot, og styrk vaar tru,  
so me av fulle hjarto kan  
faa lova deg i livsens land!

## BETRE KAN EG IKKJE FARA.

Betre kan eg ikkje fara  
en til Gud min fader god!  
Betre kan eg ikkje svara,  
naar eg fær mitt avferdsbod.  
Eg vil gjerne vera med  
til Guds himmel, til Guds fred,  
til hans endelause naade.  
Betre kan eg aldri faa det.

Betre kan meg ingen fagna  
enn Gud fader i sitt fang.  
Betre kan det aldri dagna  
etter skuggeferdi lang.  
I Guds hus og heilagdom  
der er reidd meg bu og rom.  
Der er fred for alt som ankar,  
lovsongs ljod og helga tankar.

Fritt etter Lauritz Beich.

## DEI GAMLE DAGAR UT HEV RUNNE

Dei gamle dagar ut hev runne  
som elver i det store hav.  
Den veike hev si kvila funne,  
og kjempa med laut gaa i grav.  
Men Gud skje lov, so liver en  
ei blodfrisk ætt av gjæve menn.

Sjaa vogga gjeng i likferdgarden;  
paa svarte stuv stend knupp i knupp.  
Og sonen mannast etter fåren,  
og all stad yngjest livet upp.  
Og alle ætter sanna lyt:  
Guds miskunns kjelda aldri tryt.

Di skal oss ingi misvon fanga,  
um dauden møter med si gru.  
Me djervt som fyrr i strid vil ganga  
for det som fekk vaar elsk og tru.  
Er Gud og retten med vaar sak  
fær dauden aldri yvertak.

Fritt etter Grundtvig.

## EG VEIT MEG EIN SVEVN I JESU NAMN.

Eg veit meg ein svevn i Jesu namn;  
den utmødde kropp eg strekkjer.  
Dei reider meg seng i jordarfamn,  
so moderleg ho meg dekkjer.  
Mi sjæl heve Gud i verja si  
til Krist meg or svevnen vekkjer.

Eg veit meg ei kveldstund sval og god,  
og stundar vel sume tider  
naar eg er av ferdi trøytt og mod  
og dagen so seindrøgt skrider.  
Eg vilde til seng so gjerne gaa  
og sovna inn sott um sider.

Eg veit meg ein morgon ljøs og blid,  
med lovsong i livsens lundar.  
Daa kjem han, Guds son, vaar herre frid,  
og vekkjer upp alt som blundar.  
Han ropar oss ut or grus og grav,  
han høyrest til havsens grunnar.

Han fører oss heim til himmelborg,  
der ser me Guds aasyn klaare.  
Daa gløymest vel strid og synd og sorg,

daa stillest vel saknad saare!  
Det unne os Gud, me fegne der  
maa finnast med alle vaare!

KVA VINN ME —

Kva vinn me paa verdsens det vidsveimde hav,  
der tusund av faarar vil dra oss i kav?

Av hamner og strender  
so faae me kjenner.

Me hadde ei vogga, skal faa oss ei grav.

Paa livshavet bryt det med dunder og dun.  
Me bautar os fram millom misvon og von.

Ein baarerygg rid me,  
so duvar, so glid me,

so gapar ei avgrunn og trugar med tjon.

Og daudrædsla kryp oss i hold og i hud,  
naar baarone berghoge bryt yver flud.

Naar stormkasti brakar,  
og mastri ho knakar,

og seglet slær yver, daa hjelpe oss Gud!

Din visdom, Gud fader, veit berging endaa.  
Der ingen ser utveg, kan du finna raad.

Din umhug og naade  
oss frelse or vaade,

so havet ei tek oss, men heim me maa naa.

Etter Ambrosius Stub.

DER GUD MEG FØRER GJENG EG GLAD.

Der Gud meg forer gjeng eg glad.

Han sjølv skal styret halda.

Han veit um lengd og leid og stad  
og alt som til kan falla.

Um storm og sjo imot meg slær,  
eg veit det stødt paa heimveg ber,  
— det stødt paa heimveg hallar.

Der Gud meg forer vil eg trutt  
hans faderhjarta lova,

og takka til min siste slutt  
for livsens dyre gaava.

Ja sig eg saar og sjuk i kne,  
Eg segjer en; Hans vilje skje!  
— hans aller beste vilje!

Der Gud meg fører alltid eg  
vil trygg og vonfull vera.  
Fraa morsliv hev han varna meg,  
og vil so alljamt gjera.  
So syng eg daa med hugheilt mod:  
Guds veg og stig er alltid god,  
— er alltid god og gagnleg!

Der Gud meg fører vil eg gaa,  
um eg skal foten brenna.  
Maa mangt eg enno undrast paa,  
eg skal til sist faa kjenna  
bak alt hans varme hjartelag,  
hans hyrdingtruskap natt og dag,  
hans freds og frelses raader.

Etter L. Gedicke.

#### DU SOM LJOSSET ER I VERDI.

Du som ljuset er i verdi:  
ver vaar los paa livsensferdi,  
leid oss vegen me skal gaa!  
Verdi hev so mange røyster;

det er berre *di*, som trøyster,  
som me trygt kan lita paa.

Fød oss i dei turre tider!  
Stød oss i dei bratte lider!  
Gjev oss handi naar me glid!  
Venleg varne du og vara  
den som lyt aaleine fara,  
den som saare sorgi lid!

Kveik oss naar me veike dovnar!  
Vekk oss, um paa vakt me sovnar!  
Tøym vaar vilje, tyn vaar traass!  
Lat dit namn i hugen brennast  
so me fritt ved deg vil kjennast,  
— so at *du* vil kjenna *oss*!

Etter Chr. Richard.

#### SJAA ALT ME GJER ER DAGLEGDAGS.

Sjaa alt me gjer er daglegdags.  
Den læra lite er tillags  
for byrge mann og kaute.  
At dagsens daad skal gaa i grav

som Jordan i det daude hav  
forutan segn og glima  
vil aldri rett seg rima.

Men just til gøynde Jordans aa  
vaar Frelsar gjekk, sin daap aa faa.  
Fekk Frat og Nil slik æra?  
Lat upp, so *han* fær koma inn  
og fylla deg med anden sin!  
Din dag so sælt skal lida,  
um du hev *han* med sida.

Kvar morgon bed um himmelglans  
til dagverk ditt i namnet *hans*,  
daa adlast kvardags yrkje!  
Og han som hjartebotnen ser,  
som sjølv hev fare tenars ferd,  
vil ein gong hugmildt kveda:  
Kom inn til Herrens gleda!

Etter Henrik Wergeland.

#### FADER VAAR I HIMMERIK.

Fader vaar i Himmerik,  
sjaa til borni arme!  
Gjev oss hjarto utan svik,  
full' av kjærleiks varme!  
Verdi er so kald og svart;  
stort er myrkheims elde.  
Lat *ditt rike* koma snart,  
— freds og rettferds velde!

Jesus, meister, lær oss du  
vegen *din* aa treda!  
Styrk vaar veike, visne tru!  
Herre, lær oss beda!  
Heilag ande, glød vaar hug,  
so me frukt kan bera;  
viljug vigjer daad og dug  
Gud til lov og æra!

#### AA LÆR MEG SKOG.

Aa lær meg skog i haustan glød  
aa folna med eit tolugt mod  
og tru naar aari tyngjer:

eg og lyt ha min vinterblund;  
i livsens land, i livsens lund  
min Gud meg upp att yngjer!

Og lær meg, litle lerka, du  
aa svinga meg med hugheil tru  
til land eg lite kjenner.  
Naar alt er vinter her og is,  
i Guds velsigna Paradis  
so frygdefull eg lender.

Du fivreld, du maa te meg fram  
kor liv i løynd kan skjota ham  
til nytt det fram seg sprengjer.  
Min likam legg dei ned i jord,  
men eingong paa Vaarherres ord  
eg fær vel endaa vengjer.

Men lær meg helst, bror Jesus Krist,  
aa smila som du smilte visst  
høgt yver graat og fagning,  
daa englar song um verdi vid:  
Langfredag var so beisk og strid,  
men sæle paaske dagning!

Etter Øhlenschläger,

#### GUDS ORD.

Dagar kjem og dagar lider.  
Herrens ord stend fast som fjell.  
Det for visst til alle tider  
stend naar mannaordi fell,  
Federne som søv i jord  
fann sin une i Guds ord,  
trøyst og ljøs og liv og æra;  
so for oss det og maa vera.

#### SÆLE DEI SOM HER LAUT STRIDA.

Sæle dei som her laut strida  
og siger vann, sjaa, ingi kvida  
skal naa dei no, og ingen dom.  
Anden segjer at dei kviler  
i Gud og etter strævet smiler.  
Dei funne hev eit fredlyst rom.  
Og deira godverk her  
skal vera med dei der!  
Lovsyng Herren! Han vel hev gjort!  
I himlens port  
han fagnar dei som so gjekk burt!

Etter F. G. Klopstock,

„FOR NED TIL HELHEIMEN“.

I kveld vart det hamra paa helheimens port.  
Som brutande tordøn det dundra.  
Herolden var bergsterk, og ordet hans stort,  
so alle i helheim seg undra.

„Eg er her med helsing fraa herren min:  
Ei kjempa fraa jordheim skal koma.  
Han løyser dei bundne; han trækaren bind.  
Der graat var skal frygderop ljoma!

Han triner paa glodhaug som ungmøy i lund;  
han trakkar paa olor og drakar;  
han hoggormen krasar, og helheimens hund  
han fjettrar, med avgrunnen brakar.“

Paa olbog dei kasta seg, fangane, braatt.  
— Dei djevlar for seint stod til reide;  
dei ylte som uvær i biksvarte nott  
og frøste som eldberg av vreide. —

Paa olbog dei kasta seg, fangane graa;  
dei lydte og undrast og lydte.  
Dei undrast, og venta, og vyrde kje paa  
um drakane eldmyrja spydde.

Og tridjedags morgon, daa helhanen gol,  
og gastane styrnde attende,  
daa straala i helheimen himmeriks sol!  
— Det var vel eit bisnelegt vende!

I helheimen glitra Guds herlegdoms glans  
og gullfarga djevlane svarte.  
Av hengsli flaug portar, og murar med krans  
dei rivna for straalone bjarte.

Og fangane reiser seg, alle som kan,  
so sig dei i kne for den balde:  
„Velkomen, velsigna, vaar frelsarmann!“  
Du hoyrde fraa alle, alle.

Og „Adam, kvar er du?“ vart sagt med ei røyst  
som fuglesong pinsedags tider.  
Daa kveikttest i helheim den himmelske trøyst,  
og sorgi ho svana um sider.

Men Eva tek ordet, kryp frelsaren nær  
og segjer: „Min son og min herre!  
Eg einast eig skuldi at me no er her,  
for eg let meg daara, di verre!



Sjaa ormen som vrid seg i eldmyrja no,  
han glinsa som gullet det reine;  
der sat han i treet og meinte som so:  
me raadde for verdi aaleine.

„Et eplet, so eig de baa himmel og jord!“  
han sa, og let lyngtunga renna.  
Daa bleike og blaae me helvegen for,  
daa fekk me full anna aa kjenna!

Men er du den son som vart lovd meg til bot,  
— boren og fødd av ei kvinna, —  
eg ligg ikkje faafengt idag for din fot,  
— daa veit du oss berging aa finna!“

Fraa solaugo milde fall taarone tvo,  
og underfullt var det som hende:  
kring Eva sitt hovud i glitrande glod  
ein straalering bragla og brende.

So kysser han mor si, Guds herlegdoms glans;  
so reiser han henne or lega.  
Ei drotning ho stend der med regnbogekrans  
mor Eva som misferdi trega.

Til holaste nedheimen djevlane sprang  
og tungone togg i sin vaade.  
Men Eva stend blomer som lilja paa vang  
og signar Guds miskunn og naade.

— Fraa helheimen skrider so fager ei ferd;  
I brodden gjeng herren hin balde.  
Profetane lyfter sin hovding paa herd  
og ber honom høgt yver alle.

Men dauden sit lavoyrd og lyder med harm  
til kvervande jubelkor-klangen.  
Kerubane opnar med festleg larm  
porten til Paradis vangen. —

\*

So heil stod han upp paa den tredje dag,  
vaar frelsar, uskuldig krossfesta.  
No vitnar me kristne til sæla i lag:  
*Guds son heve helheimen gjesta!*

Etter Grundtvigs umskrift fraa angelsaksisk.

---